

Rekordpublikum på Falturiltu

01.12.2014

Av: Emma Ölander Aadland

Publisert: 11.11.2014 11:36

Oppdatert: 11.11.2014 11:53

Rekordpublikum på Falturiltu

Over 4000 fekk med seg Falturiltu i år, og festivalsjefen trur ein er på rett veg mot å nå målet om å bli ei nasjonal festival for nynorsk barnelitteratur.

Blant arrangementa som trekte mest folk i år var Falturiltufest med blant anna stjerneskotet Tønes. Populære var også Lene Kaaberbol, høgskulen sin musical "Skammarens dotter", Finn-Erix og Linda Eide på utesløyden Arena, samt Stord kulturskule sin eigenproduserte "Måneskinnsoldaten".

- Det var jamt over godt besök på dei fleste av dei rundt 50 arrangementa, og mykje skryt til festivalutstillingane, blant anna Fitjar vidaregåande skule si utstilling i Stord kulturhus, skriv festivalsjef Roald Kaldestad i ei pressemelding.



Bilete i artikkelen: Kunstverk i utstilling i Stord kulturhus laga av elevar ved Fitjar vidaregåande skule.